



## Notat

Dato: 15.06.2018  
Arkivsak: 2014/1552-66  
Saksbehandlar: gurklyv

---

**Til:** Anne Gine Hestetun, Fylkesordfører

---

**Frå:** Guro Klyve, Eigedomsavdelinga

---

### **Underskrift på kvittering for mottak av forkynning av innkalling til hovedforhandling i jordskifteretten. Flatekvaal gnr 61 m.fl. i Voss kommune.**

Frå Indre Hordaland jordskifterett har Hordaland fylkeskommune tidlegare motteke forkynning av krav om sak for jordskifteretten. Kravet er registrert hos jordskifteretten som sak nr. 16-199497RFA-JVOS FLATEKVAAL gnr 61 m.fl.

Rekvirenten er Lars Aslak Flatekvål. Han er eigar av gnr 61, bnr 1 i Voss kommune, og ønskjer å få fastsett eigedomen sine grenser i fjell-/stølsområdet mot Lønahorgi. Hordaland fylkeskommune er saman med andre eigarar i området trekt inn som partar i saka. Vi er eigar av gnr 60, bnr 1 – Voss vidaregåande skule, tidl. Voss jordbruksskule.

Vi har no motteke innkalling til hovedforhandling den 20. og 21. august 2018, og vi ber om signatur på vedlagte mottakskvittering frå jordskifteretten.

Trond Håvard Bjørnstad, som er *Avdelingsleiar Naturbruk og Restaurant og Matfag* ved Voss vidaregåande skule, har stilt som partsrepresentant for fylkeskommunen i dei tidlegare rettsmøta i denne saka. Vi ber om at han igjen får fullmakt til å stille som partsrepresentant i neste rettsmøte den 20. og 21. august 2018. Vedlagt følgjer fullmaktsskriv for signatur.

Guro Klyve  
Eigedomsavdelinga

Vedlegg